

Styremøte i Bryggja utviklingslag, torsdag 9/11 -17

Desse møtte: Geir T. Engdal, Linda Nykrem, Ronny Bergesen, Øystein Hessevik og Berit Sæterlid



Sak 1 Støtte til flaggborg, 17.mai komiteen

Tilbudet om støtte til flaggborg står ved lag. Angående spørsmål om støtte av korps, meiner styret at dette evt. kan skje direkte frå utviklingslaget, og ikkje via 17.mai komiteen.

Sak 2 Reguleringsplan FV.61 Naveosen – Brubakken

Utviklingslaget har laga eit innspel til planprogram for reguleringsplan Fv.61 Naveosen – Brubakken. I innspelet peikar ein på at ein bør utvide området ned til Bryggja skule, for å kunne bygge gang og sykkelveg heilt frå skulen og til aust om brua ved Naveosen.

Innspelet vert sendt til Vågsøy kommune og Statens vegvesen.

Sak 3 Driftsplan på Søholmen

Det vil bli utarbeida og sendt inn søknad til fylkeskommunen. Søknaden vil verte utarbeida i samråd med Odd Gunnar Myhre i kulturavdelinga i kommunen. Det vil bli søkt om midlar til drift og vedlikehald av søholmen, det omfatter skogrydding, vedlikehold av vollyballbane og slåing av gras. Søknaden vil bli sendt i slutten av Mars.

Sak 4 Buldrevegg i grendahuset

Det er utarbeida budsjett på bygging av buldrevegg i grendahuset. Budsjettet er ca 23.000 kroner. Det vil bli søkt om tilskot til dette prosjektet frå SFE og Marine Harvest. Uavhengig om utviklingslaget får støtte andre plassar, vil ein starte opp prosjektet i løp av vinteren.